

**Festidalen har tidligare rocka til gards og prøvd seg høgt til fjells. 2014 blir det året Festidalen tek festen også med seg til fjæra. Laurdag 02.august arrangerer vi fest for heile familien i Uskedalen Båthamn. Arrangementet har fått det klingande namnet Festitaren.**

Idrettslaga i kommunen stillar opp:  
Ternen, Trio, Uskedalen, Omvikdalen, Rosendal og Strand Ulv.

Eit så bredt samarbeid har vel aldri vore gjennomført før.

Kl. 10-12: Festivalfrukost på Systrene Nilsen – gratis for alle  
Kl. 11-14: Festidagen i Aktivitetshuset  
Kl. 12-14: Dj Flo Dj Fjærtuft spelar chill strandkos  
Kl. 14-16: Mesternes Mester Kvinnherad

Arrangør: Idrettslaga i Kvinnherad Festidalen  
Speaker: Arne Torget

Deltakarar:  
Vemund Hjelmeland – Bakgrunn: Ski  
Kenneth Blom – Bakgrunn: Triatlon  
Tone Lillesletten – Bakgrunn: Volleyball  
Gøril Samland – Bakgrunn: Fotball  
Wenche Godtskalksdotter Enes – Bakgrunn: Motbakkeløp  
Jøran Moen – Bakgrunn: Friidrett  
Johnny Furdal – Bakgrunn: Fotball  
Kjetil Nes – Bakgrunn: Fotball  
Christine Solheim – Bakgrunn: Fotball

Her luktar det fysikk, mjølkesyre og konkurranseinstinkt!  
Desse flotte atletane må gjennom seks ulike tevlingar, der halvparten er lagbasert og resten individuell konkurranse. Poenga deltakarane sankar i den lagbaserte tevlinga tar dei med seg inn i den individuelle delen.  
Styrke, kondisjon og konsentrasjon blir viktige faktorar.  
Det blir sjølvsagt premie til dei tre beste.

Festen held fram på Dønhaug der portane opnar kl. 16.

Så anten du kjem dorgande frå Leirvik, sluntrande frå Herøysundet eller med bil frå Odda, ta turen til Uskedalen og få med deg eit vorspiel med palmesus og høg stemning

Hugs solkrem og feitebriller!

Tekst: Festidalen  
Nett: Ola Matti Mathisen